

Alver kommune  
v/Byggesak  
Postboks 4  
5906 Frekhaug

Samt naboar

**Søknad om dispensasjon frå reguleringsplan Kubbleitet, oppføring av treplaning på naustområdet N2 gbnr 137/86.**

Området N2 er i reguleringsplan avsett til Naust. Vi ønskjer i denne omgang å oppføre treplatning på området for bruk av ålmenta.

Jf. reguleringsplanen og føresegnene skal det på arealet N2 byggast naust, i tillegg er det høve til å bygge kai på område K5 framfor naust.

Vi er av den oppfatning av at det er fleire (tilleggs) tiltak som skal kunne oppførast på område N2, slik som gangtilkomst, trapper, murer, platningar, oppdrag og andre tiltak som er naturlege for arealet/området, (slik det også er på andre byggeareal). Vi meiner difor det i utgangspunktet ikkje er naudsynt å søkje om dispensasjon frå planen for tiltaket. Vidare også at tiltaket er tenkt nytta for å sikre ålmenta tilgang og opphaldsareal ved sjø, bør kunne vektleggast i vurderinga.

**Subsidiert vert det søkt om dispensasjon frå reguleringsplanen for oppføring av treplatning, eventuelt også frå PBL§1-8.**

**Grunngjeving**

Som hovudutbygger innan reguleringsplanen har vi tenkt arealet på gbnr 137/86 skal nyttast som fellesareal for alle innan planen, samt ålmenta elles. Det kan seinare verte aktuelt å bygge fellesnaust og kai på området, slik planen viser.

I første omgang vil vi no legge til rette for at arealet kan gje betre tilgang og moglegheit for opphald ved sjø. Arealet er i dag noko bratt og eignar seg lite til opphald. Vi ønskjer difor å etablere treplatning på delar av arealet.

Platningen ca 15m<sup>2</sup> vert bygd i tre og tiltaket kan med enkle grep og utan store synlege sår reverserast/fjernast om det seinare verte aktuelt.


Platningen er som nemnd tenkt nytta av alle bebruarane innan bustadfeltet og ålmenta elles.  
Tiltaket vil gjere at ålmenta får eit opphaldsareal ved sjøkanten.

Her er tenkt nytta til generelt opphald, fiske, samt bading for større barn/vaksne.

Tiltaket vil ikkje virke privatiserande då dette er tenkt nytta av ålmenta.

Tiltaket lyt oppfattast som mindre og lite i høve omgjevandene.

Isdal, 14.05.2020



Kjell Reigstad

Sommerro Panorama as